



GISKE KOMMUNE

Servicekontoret

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref.: 18/1776 - 3

Dato: 21.03.2019

Forskrift til ny lov om Råd for eldre og Råd for personar med nedsett funksjonsevne i kommuner og fylkeskommuner - høyring

Ny lov om Eldreråd i kommuner og fylkeskommuner trer i kraft frå 01.01.2020. Den største endringa ligg i at den tidlegare lova som var ei særlov, no skal bli eit eige kapittel i Kommunelova. I tillegg til sjølve lova, er det foreslått å etablere eigen forskrift som vil ha som formål å konkretisere viktige delar av lovverket sine intensjonar.

Forslag til forskrift er no ute på høyring og Eldrerådet i Giske kommune vil gi følgjande høyringsuttale:

1. I forslaget til forskrift som ligg føre, er det foreslått at råda sitt mandat skal vedtakast på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.
Eldrerådet i Giske kommune vil understreke at det er viktig at det skal være likheit for lova, og at den beste måten å oppnå det på, er at råda sitt mandat vert fastlagt nasjonalt.
2. Eldrerådet skal vere samansett av minst 5 medlemmer, med 5 personlege varamedlemmer der fleirtalet skal vere over 65 år.
3. Forskrifta må understreke at Eldrerådet sine medlemmer har rett til opplæring på lik line som andre folkevalde i kommunen.
4. Forskrifta må fastsette Eldrerådet sin rett til å uttale seg i alle saker som angår dei eldre sine levekår og livsstandard, samt rett til tidlegast mogeleg innsyn i kommunen sitt planarbeid før sakene vert lagt fram for politiske utval.
5. Det vert oppretta sekretariatsordning for Eldrerådet i minimum 1/3 stilling.
6. Samanslåing i fleire råd; kan skje unntaksvis. Kriterier for eventuell samanslåing må definerast klart i forskrifta.



GISKE KOMMUNE

Servicekontoret

7. Pensjonistorganisasjonar skal ha rett til å foreslå kandidatar til Eldrerådet.
8. Kommunestyret bør gi Eldrerådet møte- og talerett.
9. Kommunestyret si plikt til å behandle forslag som vert fremma av Eldrerådet, må innarbeidast i forskrifta.
10. Råda skal ha eigne budsjett for si drift.

Med helsing
Eldrerådet i Giske

Anne Lise Hessen Følsvik
Leiar

Kopi: Giske kommunestyre

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.